
Saksnr: 2020/73507-2
Saksbehandlar Guri Finne Sognnæs
Dato: 12.10.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Frå: Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg


Orientering om omklassifisering av offentleg veg

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg (INV) vil med dette gi ei orientering om problemstillingar knytt til omklassifisering av offentleg veg til hovudutval for samferdsel og mobilitet. Fylkesdirektøren arbeider med ulike framlegg til omklassifisering av offentleg veg som skal leggest fram for uttale og politisk vedtak til hovudutvalet 25.nov og fylkesutvalet (FUV) 26. nov. Nokon av omklassifiseringsforslaga kjem frå Statens vegvesen (SVV), og gjeld nedklassifisering av riksveg til fylkesveg. Andre gjeld nedklassifisering av fylkesveg til kommunal veg, eller vegar som skal leggest ned til privat veg.

Kva omklassifisering er og korleis slike saker vert handtert i Vestland fylkeskommune:

- Omgrepet omklassifisering omfattar opptak, nedklassifisering og nedlegging av offentleg veg. Omklassifisering av offentleg veg er heimla i *veglova §§ 7 og 8*.
- Ei omklassifiseringssak har ofte opphav i vegprosjekt med bygging av nytt veganlegg, der eksisterande veg får endra funksjon. Andre årsaker kan være at vegar får endra funksjon over tid, som fylgje av arealendringar langs vegen, omlegging av kollektivtenester, nedlegging/oppstart av næring som har regionale ringverknadar osv.
- Avgjersla om kva offentlege vegar skal omklassifiserast til, er basert på faglege vurderingar med utgangspunkt i kriterium for grensdraging mellom riksveg, fylkesveg og kommunal veg. Desse kriteria er fastsett i «St.prp. 72 (2008-2009)» for riksveg og «*Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985* for fylkesveg» (sjå vedlegg).
- Fylkeskommunen følgjer SVV sin etablerte struktur for korleis omklassifiseringssaker skal handsamast, sjå figur under. Ved forslag til omklassifisering av fylkesveg, har den råka kommunen moglegheit til å uttale seg i saka. I saker der det kan vere aktuelt å overføre areal til tilstøytande grunneigar, vert og grunneigarar høyrde. Vidare skal omklassifiseringsforslaget sendast på høyring til *hovudutval for samferdsel og mobilitet* (SAMO), og vidare skal *fylkesutvalet* (FUV) fatte vedtak. Når det gjeld forslag til omklassifisering av riksveg til fylkesveg skal SAMO og FUV berre uttale seg.

Elles står det i fylkeskommunen sitt delegeringsreglement §8 jfr. §7 «*Fylkesrådmannen har mynde til å omdisponere mindre parsellar av fylkesveggrunn som er blitt til overs ved omleggingsarbeid m.v. Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for infrastruktur og veg*» (INV). Det betyr at fylkesdirektøren ved INV kan fatte vedtak om nedlegging av kortare vegparsellar, som er definert som ca. 1000 m veg.



Figuren syner dei ulike saksprosessane i ei omklassifiseringssak. VLFK nyttar i dag same struktur som SVV.

- Etter at ein fylkesveg er vedtatt omklassifisert skal det utførast reparasjonar på fylkesvegen etter «NA-rundskriv 97/13- Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiseres - ikrafttredelse av vegloven § 7» (sjå vedlegg). Reparasjonane skal finansierast av dei respektive vegprosjekta, driftskontraktane eller gjennom samlepotten «Tiltak etter omklassifiseringsvedtak» i INV sitt investeringsbudsjett.
- Det er erfart at det kan ta lang tid før vedtatt omklassifiserte vegar vert reparerte og overleverte til ny vegeigar. For å unngå dette, er det viktig at dei respektive vegprosjekta og driftskontraktane har tilstrekkeleg med midlar til å dekke reparasjonskostnadane.
- Per i dag pågår det stort sett omklassifiseringssaker i Bergensområdet. Der er det mest byggeaktivitet, og det er ei stor saksmengd av eldre omklassifiseringssaker som det ikkje er fatta vedtak i, eller det står att å utføre reparasjonar på vegane. Til SAMO 25.nov og FUV 26. vert det lagt fram tre forslag til omklassifisering av fylkesvegar til kommunale vegar i Bergen kommune, samt nokon forslag frå Statens vegvesen om opptak av riksveggar i Stord kommune og Bergen kommune.
- Fylkeskommunen i sin heilheit har mange fylkesvegar som har fått endra status over tid. Etter planen skal desse vegane kartleggast. Enkelte vil etterkvart bli lagt fram som forslag til nedklassifisering til kommunal veg eller nedlegging til privat veg.

Vedlegg

- 1 Kriterier grensedragning mellom fylkeskommunale og kommunale vegar. Samferdselsdepartementet 26.03.1985
- 2 Gjeldande kriterier for riksveg jf. St.prp. 72 (2008-2009)
- 3 NA-rundskriv 97/13